

Fra: Folkevalde (folkevalde@hfk.no)

Sendt: 28.02.2019 13:15:34

Til: Silje Lyngstad

Kopi:

Emne: VS: Spørsmål Fylkestinget mars 2019

Vedlegg:

Fra: Marthe Hammer <mchammer@online.no>

Sendt: torsdag 28. februar 2019 13:01

Til: Folkevalde <folkevalde@hfk.no>

Kopi: Marthe Hammer <mchammer@online.no>

Emne: Spørsmål Fylkestinget mars 2019

Spørsmål til fylkesordføreren i samband med fylkestinget mars 2019.

Viser til sak i Vestnytt 19.februar 2019:

«Bygginga skulle starta neste år, og ny bru og hovudveg skulle vere klar i 2025. Men no er heile tidsplanen i spel. Regjeringa har gått inn for at Sotrasambandet skal byggast i eit offentleg-privat samarbeid (OPS), i praksis eit samarbeid mellom Statens Vegvesen og eit privat entreprenørselskap. No har samferdselsminister Jon Georg Dale (Frp) for mange ubesvarte spørsmål til å senda ut OPS-anbod som planlagt i vår. (...) Det er knytt høg risiko til å lysa ut prosjektet før uvissa er redusert, då endringar etter kontraktsinngåing vil ha store økonomiske følgjer, skriv Jon Georg Dale. (...)

«Det at Sotrasambandet er eit OPS-prosjekt betyr at Statens Vegvesen inngår avtale med eitt selskap som skal ta totalansvaret for bygging, drift og finansiering. Nøkkelen til ein god kontrakt med riktig marknadspris er inngåande kjennskap til risiko. Med tanke på at kontrakten skal vare i 30 år er det særskilt viktig å få ein ryddig og oversiktleg konkurranse for å sikra eit godt kontraktsforhold over mange år, skriv vegvesenet»

Spørsmål til Fylkesordføreren:

- Viss ein ikkje måtte bygd Sotrasambandet som eit OPS prosjekt, har ein da kunne starta anboda på bygging av delar av sambandet tidlegare?
- SV vart i prinsippssaka om bompengefinansiering av Sotrasambandet ståande aleine saman med Raudt om kritikken av at Sotrasambandet vert bygd som OPS-prosjekt i fylkestinget. Synes fylkesordføreren at OPS er rette måten å løyse slike store samferdsleprosjekt på?
- Fylkesutvalet gjorde i sak PS 271/17 Trafikkplan båt Hordaland mellom anna vedtak om at«Båttilbodet skal utviklast som ein integrert del av kollektivtilbodet der båten har sine særlege fortrinn – der båten er einaste reisealternativ, eller gir vesentleg raskare reiser.», og fleirtalskonstellasjonen satte i budsjettet for 2018 av midlar til utredning av båtsamband mellom Bergen og Sotra. Sett i lys av at Sotrasambandet no vert ytterligere utsett. Kva vil fylkesordføreren gjere for å komme innbyggjarane på Sotra i møte om å etablere eit båtsamband?

Marthe Hammer (SV)

--

Marthe Hammer
Bønesberget 12
5153 Bønes
97672203